



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Merknad til høyring på nedlegging av dam Storavatn i Øygarden kommune

Statsforvaltaren har ingen vesentlege merknader til tiltaket. Vi ber NVE vurdere aktuelle avbøtande tiltak som vilkår i konsesjonen, eventuelt innarbeidd i detaljplanen. Vi ber om å få denne på høyring.

Statsforvaltaren viser til høyringsdokument knytt til planar om å rive dam Storavatn nær Knarrevik i Øygarden kommune.

Dammen har gjennom åra vore brukt til mølledrift og vassforsyning, men er ikkje lenger i bruk, og eigarane ønskjer ikkje å vedlikehalde dammen. Avrenning i dag skjer i hovudsak gjennom ein førebels kanal i sidedammen, som vart etablert i 2017. Naturleg utløp ligg under hovuddammen på kote 44,6.

Planane gjeld riving av hovuddam og sidedam. Tiltaket vil føre til at vasspegelen vert senka 7 meter. Ein vil tømme vatnet ved bruk av hevert og pumpe. Naturstein, torv, betong og anna materiale frå rivinga skal leverast til godkjent deponi. Det vil vere trong for mellombels deponiområde på om lag 300 m². Det må byggjast mellombels veg opp til dammen, og i søknaden er det skissert to alternativ. Vegen skal fjernast når tiltaket er gjennomført.

Storavatn med nedslagsfelt ligg i søre del av Foldnesmarka, som er klassifisert som regionalt viktig friluftsområde. De er avsett som LNFR-område med fleire omsynssonar, knytt til reguleringskrav, bandlegging til ny riksveg og til friluftsliv og kulturmiljø. Vatnet ligg nær til bustadområde, plantefelt og RV 555. Det går fleire turstiar i området, frå dammen mot nordre deler av Foldnesmarka..

Dei største verknader av tiltaket er knytt til følgjande:

Noko redusert flaumdemping.

Redusert habitat for aure, noko som kan påverke lokale fiskeinteresser.

Før revegetering vil verknader på landskap vere synleg, i sjølve anleggsområda og langs strandlina, særleg i vest.

Bekken nedstraums Storavatnet vil bli meir synleg.



Friluftinteressene og opplevingsverdiane knytt til naturområde vil bli påverka i anleggstida og ein periode i ettertid.

Dammen er del av eit større kulturmiljø knytt til industrihistoria i Knarrvika. Dette vil gå tapt.

Søkjar har foreslått avbøtande tiltak knytt til bruk av areal, forureining, kartlegging, registrering av naturmangfald og restaureringstiltak knytt til aurebestanden, jf. kap. 4.

Merknader

Tiltaket vil føre til at vassdraget ved Storavatnet vert tilbakeført til sin opphavslege tilstand, noko som på sikt vil vere positivt, sett ut frå omsyn til landskap, friluftsliv og naturmangfald.

Statsforvaltaren har soleis ikkje vesentlege merknader til tiltaket. Vi ber likevel NVE vurdere å innarbeide føreslått avbøtande tiltak som vilkår i konsesjonen, eventuelt innarbeidd i detaljplanen.

Vi legg elles til grunn at alle naturinngrep blir avgrensa så godt som råd, og at tiltakshavar vil tilbakeføre terrenget i mellombels anleggsområde. Tiltakshavar må vurdere om anleggsarbeidet krev løyve etter ureiningslova, eventuelt ta ny kontakt med Statsforvaltaren for å avklare dette.

Vi vil vidare vise til føresegner til kommuneplanens arealdel, punkt 23 c om byggjegrænse mot vassdrag på 30 m, som gjeld i tillegg til omsynssoneane. Tiltaket treng soleis dispensasjon.

Jf. Byggjegrænse mot vassdrag er 30 meter. Denne byggjegrænse gjeld ikkje for naudsynte tiltak i landbruket eller tiltak i tilknytning til allmenta si bruk av strandsona som grønstruktur og friluftsfriområde.

Vi ber om å få detaljplanen på høyring.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
ØYGARDEN KOMMUNE	Ternholmvegen 2	5337	RONG